

#### **Referat, styremøte LLP 4. april 2014**

Stad: Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, Oslo

Kl: 10.30-14.45

Tilstade: Karin Gjelsten, Ole Martin Rønning, Petter Høiaas, Turid Holen, Cecilie Lintoft, Inger Lene Nyttिंगnes (sekr/ref).

Ikkje tilstade: Tom Oddby og Mads Langnes.

#### **Sak 1/2014. Konstituering**

Leiar Karin Gjelsten konstituerte det nye styret som einstemmig vart valt på landsmøte 18. mars. Styret valde einstemmig Tom Oddby som nestleiar av styret.

#### **Sak 2/2014. Godkjenning av referat, styremøte 28. og 29. november**

Det vart påpeika at sak 34/2013 burde bli betre klargjort med omsyn til vedtaket som vart gjort.

Med nemnde endringar vart referatet godkjent.

#### **Sak 3/2014. Rekneskap**

Inger Lene Nyttिंगnes orienterte om rekneskap pr. 28. februar 2014. På grunn av at LLP ikkje hadde motteke støtte frå Kulturrådet då rekneskapsrapporten var utarbeidd synta rekneskapet eit negativt resultat på kr. 154 582. Utgiftene gjeld hovudsakeleg lønsutgifter, reiser, rekneskapsutgifter og utgifter i minoritetsprosjektet i samaband med lansering av samisk og kvenske rapportar.

Driftsstøtte frå Kulturrådet vart motteke i mars månad. Arbeidet med å fakturere medlemskontingentar vil starte innan kort tid.

Rekneskapet vart godkjent.

#### **Sak 4/2014. Høyringsuttale til Kulturrådet**

I samband med at Kulturdepartementet har sett ned eit utval som skal gå gjennom ut Kulturrådet si arbeidsform og organisering for å greie ut alternative arbeidsformer og organiseringar, har det vore opent for å levere innspel til utvalet. LLP har fått utsett høyringsfristen, som var 15. mars, for at LLP sitt nye styre skal få diskutere saka.

Karin Gjelsten har førebudd eit forslag til innspel. Styret diskuterte dette og vart samde om nokre tillegg som skulle først inn. Det var semje om at snevre kriteriar for å få prosjektstøtte og manglande midlar til reine digitaliseringsprosjekt var viktige punkt for innspelet.

Innspelet vert sendt Kulturdepartementet.

#### **Sak 5/2014. Arkivopprør – Oppmoding frå Gudmund Valderhaug**

Gudmund Valderhaug har oppmoda LLP til å gjere «Arkivopprør» med eit innlegg som er publisert på bloggen «Depotdrenge». Bakgrunnen er Kulturrådet si støtteordning for privatarkiv som frå 2013 er reservert musea.

Styret diskuterte ulike måtar å arbeide med saka, mellom anna innspel til Familie- og kulturkomiteen på Stortinget, kronikkar i dagspressa. Det er viktig å klargjere reelle kutt og kva konsekvensar desse har og vil få. Det er viktig at LLP er synlege. LLP bør kontakte politikarar direkte.

Styret vil diskutere saka vidare saman med styremedlemene som ikkje var tilstade på møtet.

#### **Sak 6/2014. Underskrift på diverse dokument**

Styret skreiv under på dokument om endring av styresamansetning til Brønnøysundregisteret og på revisjonsberetninga til årsrekneskapet 2013.

#### **Sak 7/2014. Eventuelt**

##### **- Arkivmøta**

Cecilie Lintoft orienterte. Norsk Arkivråd har sendt eit forslag til endring av arkivmøta ut på høyring. Forslaget inneberer m.a. at arkivmøta vert arrangert kvart 3. år i staden for kvart 2. år, og at ein inviterer inn fleire samarbeidspartnarar til arrangementet. Styret var samde om at LLP bør føreslå at arrangementet bør haldast over tre dagar, dersom det skal arrangerast kvart 3. år.

##### **- Privatarkivkonferanse**

Cecilie Lintoft orienterte. Kulturrådet, Riksarkivet og LLP skal saman arrangere ein ny privatarkivkonferanse. Det har vore diskutert at konferansen kan haldast i forlenging av anten KAI-konferansen 2014 eller SAMDOK-konferansen 2014. Styret ser positivt på at den vert halden i samband med SAMDOK-konferansen.

Det har kome forslag om at tema for konferansen skal vere «Aktivt samarbeid». LLP stiller seg positive til dette.

Styret ser ei inntektsproblemstilling i at Kulturrådet og Riksarkivet ikkje kan generere inntekter frå konferansen. For LLP er det ynskjeleg at konferansar skal kunne generere inntekter. Styret ser og ei motseiing i at arkivmøta kan generere inntekter, medan samarbeidskonferansar som privatarkivkonferansen ikkje kan gjere dette. Dette må bli gjort ei utgreiing om dette med utgangspunkt i at LLP ynskjer inntekter frå konferansen.

LLP ynskjer å bli profilert som samarbeidspartnar i brosjyrer, lansering og anna

Det var og semje om at LLP skal arrangere ein privatarkivkonferanse i samband med landsmøte 2015.

##### **- Landsmøte Norges Kulturvernforbund.**

Norges kulturvernforbund arrangerar landsmøte 9. – 10. mai 2014. Styret ser ikkje at det er anledning til å delta på dette i år.

##### **- Fylkeskommunal administrasjonshistorie**

Ingrid Nøstberg har gått over i ny stilling ved Riksarkivet og går dermed ut av prosjektgruppa. Styret må sjekke status med dei øvrige medlemene av gruppa og få avklart planar for det vidare i prosjektet.

##### **- Initiativ frå Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek**

Det har kome inn eit initiativ frå Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek om at LLP bør ta initiativ til å søkje midlar til verktøy for innhausting av ustrukturerte data. Innsamling av samfunnsdokumentasjon krev nye verktøy, formata endrar seg og det er mangel på kompetanse.

Styret ynskjer å ta dette momentet med seg i sitt innspel vedkomande innspel til Kulturrådet. Styret ynskjer og å søke konstruktivt samarbeid med Norsk Arkivråd vedkomande dette.

**Sak 8/2014. Orienteringssaker**

**- Innspelskonferanse, Arbeiderpartiet sin familie- og kulturfraksjon**

Tom Oddby og Ole Martin Rønning deltok på vegne av LLP. Konferansen vart halden 1. april 2014.

**- Høyringsvar Norsk helsearkiv og helsearkivforskriften**

LLP har levert høyringsvar vedkomande forslag til forskrift om Norsk helsearkiv og helsearkivforskriftenhelsearkivforskriften som var sendt ut frå Helse- og omsorgsdepartementet. Høyringsfristen var 1. april.